



BERGEN KOMMUNE

Regelverk og ansvar (mellom forvaltningsenheter) for
planlegging og oppfølging av skogsveier

25.09.2024

Agenda

Dagens nasjonale regelverk og oppgaver/ansvar, basert på gjennomgang av temaet frå SFVL si landbruksavdeling, landbruksvegforskrifta og oppgåvebrev

- Det juridiske landskapet
- Landbruksveg etter landbruksvegforskrifta
- Omsyn landbruksvegforskrifta ivaretek
- Kommunen sine oppgaver
- Krav til søknad og sakshandsaming i forskrifta
- Etterfølgande godkjenning
- Landbruksveg og reguleringsplan



Landbruksvegforskrifta i høve til plan- og bygningslova, plassering i det «juridiske landskapet»

- Plan- og bygningslova § 20-1 bokstav I.
 - «anlegg av veg, parkeringsplass og landingsplass» er omfatta av føresegnene for byggesaker
- Plan- og bygningslova § 20-6
 - Unntak for tiltak som blir «tilfredsstillende behandlet etter andre lover»
 - Forskriftsheimel
- Byggesaksforskrifta § 4-3 bokstav e
 - Unntak for landbruksvegar som er godkjent etter landbruksvegforskrifta
- BNKI v/seksjon for næring og landbruk følger opp landbruksvegforskrifta



Når gjeld landbruksvegforskrifta?

- Landbruksvegforskrifta § 1-3 første ledd – virkeområde
 - «Denne forskriften omfatter nybygging og ombygging av landbruksveier, hvor landbruksvirksomhet utgjør hovedformålet.»
 - Unntak for mindre tiltak i § 1-3 andre ledd
- § 1-2 Definisjonar
 - Landbruksveg:
 - «bilveier og traktorveier som bygges i samsvar med normaler for landbruksveier med byggebeskrivelse fastsatt av Landbruks- og matdepartementet, samt enklere veier som er nødvendige for landbruksvirksomhet» (minst 50 % landbruksnytte)
 - Landbruksvirksomhet:
 - «jord- og skogbruk, herunder gårdstilknyttet næringsvirksomhet basert på gårdens ressursgrunnlag.»



Omsyn landbruksvegforskrifta ivaretek I

- Føremålet med forskrifta, jf. §1-1
 - «Formålet med denne forskriften er å sikre at planlegging og bygging av landbruksveier skjer på en måte som skal gi landbruksfaglige helhetsløsninger. Det skal samtidig legges vekt på hensynet til miljøverdier som naturmangfold, landskap, kulturminner og friluftsliv, hensynet til fare for flom, erosjon og løsmasseskred, samt andre interesser som blir berørt av veiframføringen.»
- Høyring, jf. § 3-1 (*nærare omtalt seinare*)
- Heilskaplege landbruks- og miljøomsyn (*nærare omtalt seinare*)
 - Landbruksvegforskrifta §3-2 første ledd:
«Saker som behandles etter denne forskriften skal undergis landbruksfaglige og miljøfaglige vurdering, jf. § 1-1, og hvor det blant annet skal legges vekt på:
 - a. Helhetsløsninger for landbruksvirksomhet og andre formål veien tjener, uavhengig av eiendomsgrenser.
 - b. Konsekvenser som bygging, ombygging og bruk av veien vil ha for miljøverdier,
 - c. Faren for flom, erosjon og løsmasseskred
- Høve til å setta vilkår, jf. § 3-3 (*nærare omtalt seinare*)



Omsyn landbruksvegforskrifta ivaretek II

- LE-2023-22977 (Eidsivating lagmannsrett vår 2023, avvist i Høgsterett sitt ankeutval)
- Sak om skogsbilveg i Follo kommune
- Sitat frå tingretten sin dom som lagmannsretten sluttar seg til:
 - «Kommunens vedtak har vært utsatt for omfattende saksbehandling etter landbruksveiforskriften, som etter rettens syn bærer store likhetstrekk med en reguleringsplanprosess. Riktignok er prosessen noe forenklet, men saksøktes søknad har blant annet vært sent på høring til alle relevante høringsinstanser, og berørte parter og andre fått anledning til å komme med uttalelser forut for vedtaket, herunder NOA. Saksbehandlingsreglene i pbl. – som skal sikre en grundig og demokratisk beslutningsprosess – er etter rettens syn derfor i stor grad ivaretatt av landbruksvegforskriften. Det nevnes i denne forbindelse at en rekke andre berørte parter og interessenter har stilt seg positive til veiltaket, og de positive virkninger det vil ha for blant annet fremkommelighet i området.»



Kommunen som landbruksstyresmakt – oppgåver i samband med skogsvegar

- Handsama innkomande byggesøknader om landbruksvegar, og søknader om tilskot
- Følge opp at bygginga er i tråd med løyve, og ferdiggodkjenna når bygginga er ferdig
- § 1-1: «..landbruksfaglige helhetsløsninger..., hensyn til miljøverdier..., andre interesser som blir berørt..» Uavhengig av eigedomsgrenser.
- Det årlege «oppgåvobrevet» frå Statsforvaltaren i Vestland til kommunen som landbruksstyresmakt:
 - «Vere pådrivar og jobbe aktivt for næringsutvikling i skogbruket ved å motivere og følge opp skogkulturtiltak så vel som bygging av skogsvegar, bruk av skogfond, lokal vidareforedling, nabosamarbeid, og andre emne som bidreg til verdiskaping i skogbruket.»
 - «Kommunane må fortløpande kartleggje behovet for nye skogsvegar og ombygging av gamle vegar. Dei skal vere initiativtakar til skogsvegsamarbeid og informere skogeigarane om lønsemda i å bygge felles veganlegg samt dei gunstige finansieringsordningane (tilskot og skogfond).»



Søknad/sakshandsaming

- Søknadsplikt, forskrifta § 2-1
 - «...kan ikke iverksettes uten skriftlig tillatelse fra kommunen.»
- Krav om konsekvensutgreiing, jf. forskrifta § 2-2
 - «Nybygging av landbruksveier med en lengde på over 5 km skal vurderes konsekvensutredet før vedtak fattes.»
- Vegar over 3 km lengde bygd i løpet av ein 5-årsperiode vert vurdert som større, privat tiltak etter kulturminnelova i samband med arkeologiske undersøkingar



§ 2-3 Innhald i søknad (*sakshandsaming*)

- Søknadsskjema fastsatt av Landbruksdirektoratet, søkar skal gje dei opplysningane som framgår av dette
- Informert dei som vert berørt av vegtiltaket
- Kart → planlagd + eksisterande vegar, planlagt massetak, dekningsområdet og evt alternative trasear
- Kartfesting av kjente miljøverdiar, områder med kjent skredfare, eksisterande bebyggelse eller annan infrastruktur som kan bli berørt av vegtiltaket



§ 3-1 Uttalar (høyring) (*sakshandsaming*)

- Kommunen skal innhenta dei uttalar som er naudsynte, og elles sørge for at saka er så godt opplyst som mogeleg
- Kulturstyresmaktene, Statens vegvesen, fylkeskommunen og Bane NOR skal ha anledning til å uttala seg når vegtiltaket kan berøra deia ansvarsområder
- Statsforvaltaren skal ha anledning til å uttala seg ved søknad om nybygging av bilvegar, og når vegtiltak kan råka områder med reindriftsinteresser



§ 3-2. Vedtakets innhald mv (*sakshandsaming*)

- Landbruksfaglege og miljøfaglege vurderingar
 - a. Helhetsløsninger for landbruksvirksomhet og andre formål veien tjener, uavhengig av eiendomsgrenser,
 - b. Konsekvenser som bygging, ombygging og bruk av veien vil ha for miljøverdier,
 - c. Faren for flom, erosjon og løsmasseskred
- Vedtak om godkjenning, setja vilkår, eller nekta heile eller delar av veganlegget bygd eller ombygd. Vedtaket må bygga på at landbruksressursane vegen har betydning for skal kunne brukast ein rasjonell og rekningsssvarande måte.
- Det skal gå fram av vedtaket at det er gjort vurderingar i samsvar med naturmangfaldlova § 7
- Tidsfrist for oppstart og frist for ferdiggodkjenning.
- Dersom det vert gjort vedtak om vegtiltak som berører utvalde naturtypar, skal dette registrerast i Miljøvedtaksregisteret



§ 3-3. Vilkår (*sakshandsaming*)

- Ved godkjenning av nybygging eller ombygging av landbruksveier kan kommunen sette vilkår om planleggerkompetanse, linjeføring, teknisk utforming, vedlikehold og miljømessig tilpasning av veien, samt vilkår som begrenser motorisert ferdsel på veien.
- Ved godkjenning av enkle og midlertidige driftsveier i skogbruket kan kommunen sette vilkår til planlegging, gjennomføring og etterarbeider.
- Det kan for øvrig settes vilkår som er påkrevd av hensyn til de formålene denne forskriften skal tjene, jf. § 1-1



Etterfølgande godkjenning av landbruksveg LMD sitt vedtak av 22.01.2024

- Saka: Etterfølgande godkjenning av 150 meter veg som landbruksveg.
- Bergen kommune avslo 02.07.2021.
 - Vegen kunne ikkje reknast som landbruksveg
- Statsforvaltaren i Vestland godkjente vegen som landbruksveg 18.10.2022.
- Naturvernforbundet Hordaland kravde vedtaket omgjort.
- Landbruks- og matdepartementet oppheva vedtaket 22.01.2024



Etterfølgande godkjenning av landbruksveg

Veg bygd utan «skriftlig tillatelse fra kommunen»

- Utan betydning om det er landbruksveg eller ikkje, då unntaket etter pbl § 20-6 føreset at godkjenning er gjeve før arbeidet tek til → ulovleg handling
- Oppfølging av ulovlege handlingar
 - **Med heimel i plan- og bygningslova → Plan – og bygningsetaten**
 - Etterfølgande søknad, handsamast etter plan- og bygningslova
 - Reglane for byggesak i lova sin fjerde del gjeld
 - Nabovarsel, sikker byggegrunn, ansvarlig søker, tekniske krav, og så bortetter
 - Landbruksveg er i tråd med LNFR-føremålet → ikkje dispensasjon?
 - Gebyr



Landbruksveg og reguleringsplan – tolkingsuttale frå KDD des 2023

Ikkje unntak frå reguleringsplikta for landbruksveg, når er det krav om reguleringsplan?

- Kommunalt ansvar å sørge for reguleringsplan viss vilkåra er til stades.
 - Konkret vurdering i kvar einiskild sak, utgangspunkt i opplysningar i søknaden etter landbruksvegforskrifta. **Koordinering av funksjonen som landbruks- og planstyresmakt.**
- Departementet sin rettleiar til kommuneplanen sin arealdel:
 - «I lys av behandlingen vegene får etter forskriften, vil det ikke være naturlig å utløse reguleringsplikten med mindre det er snakk om anlegg av helt ekstraordinær størrelse. Eller når det for eksempel gjelder veganlegg som skal benyttes som atkomst til hytteområder slik at vegen får kombinert bruk.»
- Inga bestemt veglengde, men lengda på vegen kan ha betydning.
- Først og fremst negative verknader for miljøet som kan bli avgjerande.
 - Særlege verknader for biologisk mangfald
 - Nybygging meir enn ombygging.
 - Bratt terreng meir enn flatt terreng.
- Reguleringsplan likevel ikkje føresetnad for tillatelse etter landbruksvegforskrifta.
 - HR-2009-638 og LE-2023-22977
 - Plankravet i pbl § 12-1 tredje ledd gjeld kun for avgjersle av byggesøknader etter plan- og bygningslova



Krav i KPA om reguleringsplan for landbruksveg?

- Gir plan- og bygningslova § 11-9 nr. 1 heimel for at det i kommuneplanen blir sett krav om reguleringsplan før godkjenning av skogsbilveg i LNFR-områder?
- Kommunen har heimel til å stille krav om reguleringsplan uavhengig av arealføremål.
- «Departementet (KDD) kan imidlertid ikke se at en bestemmelse i kommuneplanen etter pbl. § 11-9 nr. 1 i seg selv gir tilstrekkelig hjemmel for at reguleringsplan må foreligge før det kan gis tillatelse etter landbruksveiforskriften. Slik hjemmel må eventuelt finnes andre steder, for eksempel i sektorregelverket.»

